



VERDA ER UNDERLEG. NÅR EIN NORSK FORSKAR FOR EIN GONGS SKULD SLAPP GJENNOM NÅLAUGET TIL HARVARD, KORLEIS KUNNE DET BLI DENNE LEIKNE LEVEMANNEN?

LANDSTRYKAREN

FRODE SAUGESTAD I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL.
FOTO: ERIK NORRUD

Frode Saugestad¹ ser ut til å vere i si eiga verd. Han kjem luntande mot UB på Blindern med store øyretelefonar på hovudet. Men da han studerte her, hadde han det veldig travelt. Cand.mag.-graden tok han på eitt år.

– Når eg ser på cv-en din, lurer eg på om du har eit slags syndrom. Er du frisk?

– I alle fall meiner legane at eg er det. Eg har ikkje vore borte frå jobb på grunn av sjukdom dei siste 20 åra. Men etter ein periode da eg lenge hadde jobba 400 timar i månaden, fekk eg beskjed om å ta det med ro.

Han har ein brokute bakgrunn. Som 20-åring vart guten frå Overhalla marknadssjef for Diesel i Noreg. Etter få år forlet han buksene og vart ein hipp kunstnar og kurator, like brått forlet han kunsten og kasta seg inn i akademia som 27-åring. Saugestad tok ein doktorgrad i litteratur ved University of London i ekspressfart, før han vart postdoktor ved programmet for marokkanske studiar på Harvard. Til våren skal han halde ei forelesingsrekke om Knut Hamsun ved det mange meiner er verdas beste universitet. Han er innoom Oslo som snarast på grunn av ein Hamsun-konferanse.

– Å gå inn i så ulike ting med slik energi som du har gjort, er noko uvanleg.

– Eg har ei genuin interesse for å til-eigne meg kunnskap. Kunnskap er så lett å ta med seg, og ingen kan ta han frå meg. Eg var ikkje noko skulelys da eg var yngre. Men eg kjenner at dei ulike tinga eg har gjort, berre utfyller kvarandre.

Akademisk arbeid framstår gjerne som seigt og langsiktig, folk byg-gjer stein på stein. Men om vi held oss i Hamsun-terminologi, liknar livs-løpet til Saugestad lite på den trufaste slitaren Isak Sellanrå. Han minner meir om eventyraren August.

– Livshistoria di har gått i rykk og napp. Brått hoppa du inn i akademia, og rasa gjennom gradane.

– Tja. Eg har vore i akademia i åtte år no, så det byrjar da å bli eit fun-dament for meg òg. Doktoravhandlinga var ein opptaksprøve og eit sven-nebrev. Så kan eg bruke kunnskapane mine til å gjere ting eg synest er interessante, og andre kan sjekke om det held mål. Somme seier kanskje: «Han gjer så mykje på kort tid, det er sikkert gjort med harelabb.» Men eg vil ikkje bruke eit heilt liv på å studere eitt tema. Om eg kjem med bidrag som kan inspirere andre til nytenking, er det kanskje nok. Eg har ikkje

nokon visjon om at eg skal byggje eit stort hus, heller leggje grunnlag for ein landsby der andre kan bidra.

– Det sakte arbeidet kan vel òg gje fordelar. Risikerer du å gå glipp av noko på grunn av tempoet du har halde?

– Jauda, masse. Den måten eg har gjort det på, er langt frå ideell. Men for å få gjere noko verkeleg interessant, måtte eg stå på for å kome over dei første hendera. No brukar eg masse tid, og eg er ganske grundig når eg jobbar. Og om eg jobbar hundre timar i veka, får eg gjort mykje meir enn ein som jobbar 40 timar i veka. Eg trur at i forhold til dei fleste som har kome like langt, har eg ein meir fargerik palett og fleire innfallsvinklar.

– Boka bygd på avhandlinga di heiter Individuation and the Shaping of Personal Identity.² Du verkar som ein sjølvskapt mann?

– Eg vart ikkje fødd med sølvskei i munnen. Mor mi var aleineforsørgar og student da eg vaks opp. Ville eg ha litt luksus i kvardagen, måtte eg gå til naboen og tilby han ein plenklipp i byte mot eit glas saft eller O'Boy. Men kan-skje har det vore til min fordel at ting ikkje kom av seg sjølv. Om alt var plankekøyning, vart det ikkje så spennande.

Saugestad trur han ville tenkt annleis om han hadde tilbragt dei siste 15 åra på Blindern.

– For all del: Eg har lese veldig mykje fransk litteraturteori. Men kan-skje er det andre ting eg brukar når eg forstår Hamsun enn mange andre, og kanskje finn eg noko anna enn det dei finn på Nordisk institutt.

Saugestad meiner Hamsun først blir interessant når ein les han opp mot japansk, afrikansk eller søramerikansk litteratur.

– Det gjev nye dimensjonar ved Hamsun. Da kan du oppdage at Nagels tvillingbror lever i Sudan!

Saugestad blir ivrig, og legg ut om Mustafa Said, hovudpersonen i *Trek- ket mot nord* av Tayeb Salih.

– Det er ei fantastisk bok. Mustafa Said kjem som ein framand til ein landsby i Sudan, og som Nagel i *Mysterier* set han folk opp mot kvarandre, han lyg, skjuler seg bak masker og spelar spel. Said hoppar i Nilen til slutt, slik Nagel hoppar i havet.

Det er ikkje interessant å lese Hamsun igjen og igjen for å studere kvinnesynet hans eller finne spor av nazisme, meiner Saugestad.

Om eg jobbar hundre timar i veka, får eg gjort mykje meir enn ein som jobbar 40 timar i veka.

¹ Frode Saugestad er 35 år gammal, og inne i det tredje året sitt som post-doktor ved Harvard. I den grad han er kjend i Noreg, er det for ei lang, intens kjærleikserklæring til trønderrocken i tv-programmet *Trygdekantoret*.

² Undertittelen er *A Comparative Study of the Modern Novel*, og boka er ei krysslæsning av Hamsun, James Joyce, Naguib Mahfouz og Tayeb Salih.



– Eg skjøner ikkje kven som vil lese eller skrive desse greiene ein gong til. Når eg skal forelese om Hamsun på Harvard til våren, les eg han opp mot elleve andre forfattarar frå heile verda og trekkjer parallellar mellom dei.

– *Ender du ikke da berre opp med eit minste felles multiplum om modernisering i ulike samfunn?*

– Eg starta med å studere Hamsun fordi han er den moderne romanens far. Men eg er ikkje interessert i å lese han isolert. Når ein les tekstar i ulike stilartar frå ulike kontinent opp mot kvarandre, kan ein finne nokre nye trådar.

Trass i levemannstendensane hans er det strenge, strukturerte kvardagar for Saugestad på Harvard. Opp klokka seks, kanskje ein løpetur, innsjekk på biblioteket sju-halv åtte. Ein espresso 12.00, lunsj 14.00, ein espresso 18.00, ei donut 20.00, middag 22.00.

– Om eg er lei da, går eg heim, elles jobbar eg til tolv eller eitt.

– *Ein streng guide for den som vil fram i verda, dette.*

– Eg har ikkje hatt nokon masterplan. Men uansett kva ein vil oppnå, er det berre hardt arbeid som fører fram. Ein kan vere gåverik, men hardt arbeid dannar grunnlaget.

Eg trur ikkje eg er noko geni, men eg har kanskje idear som andre blir inspirerte av.

Og arbeidet har altså ført Saugestad til USAs eldste universitet, eit av dei mest eksklusive og nummer ein på dei fleste rankinglister i verda.

– Harvard har uavgrensa ressurser, du får alt du bed om og alt du kan ønskje deg. Universitetet har

verdas fjerde største bibliotek.³ Om du spør etter ei bok dei *ikkje* har, blir dei flau. Neste veke har dei kjøpt boka. Det er ekspertar tilgjengelege på biblioteket heile tida, og det er mengder av utruleg flinke fagfolk. Eg har den privilegerte posisjonen at eg kan ta kurs ved alle dei ulike skulane på Harvard. Det er eit akademisk draumetilvære. Du kan gå på forelesingar med nobelprisvinnarar kvar veke, om du vil.

Å kome frå Overhalla gjer ikkje Saugestad til nokon eksotisk figur på Harvard.

– Det er ingen skilnad på Jørgen Hattemakar eller kong Salomo slik sett. Om du er akademisk tilsett, spelar det inga rolle om du er frå ei lita

³ Visstnok er Kongressbiblioteket i USA, British Library og det franske nasjonalbiblioteket større. Saugestad er godt nøgd med at Harvard har alt av yndlingsforfattaren hans, Olav Duun.



bygd utanfor Namsos eller frå den angelsaksiske overklassen i USA. Her er det akademisk kvalitet som tel.

Konkurranse og spisse olbogar er likevel ikkje mangelvare.

– Dei eldre kollegaene, dei som har minst å bevis, er veldig hjelpsame. Men det er annleis med dei yngre. I byrjinga var mange mistenksame fordi eg ikkje hadde gått gjennom det amerikanske utdanningssystemet, i tillegg hadde eg gjort unna cand.mag., mastergrad og doktorgrad på kortare tid enn dei brukte på doktorgraden sin. Det er ei form for sjølvikker arroganse som rår, og det er ein forfriskande kontrast til det norske utdanningssystemet.

Ved Harvard er alt lagt til rette for læring, meiner Saugestad. Og dosane er langt tyngre enn ved norske universitet.

– Studentane mine skal lese like mykje på ein månad som det studentar i Noreg les på eit år. Ein bachelorstudent ved Harvard les kanskje 800 til 1000 sider i veka, medan pensum på eit grunnfag kunne vere 3500 sider da eg var på Blindern. Folk arbeider veldig hardt, biblioteka er stappfulle lenge etter midnatt. Studentane er svært høgt motiverte, dei veit at det er som ein lottogevinst å kome inn ved Harvard. Det blir stilt høge krav til dei, men dei kan òg krevje mykje.

Kvalitet er mellom anna eit spørsmål om økonomiske ressursar. Det har Harvard nok av.

– Dei har så utruleg med pengar! Harvard har 36 milliardar dollar i fonda sine. Dei tapte rett nok 11 milliardar dollar på grunn av finanskrisa,

men har til salt i grauten enno. Pengane gjer at dei kan hente dei beste folka i verda.

– *Kva var det Harvard likte med arbeidet ditt?*

– Eg veit ikkje, men eg trur dei tykte tilnærminga mi til litteratur var interessant. Kanskje eg har ei original tilnærming til gamle spørsmål. Eg trur ikkje eg er noko geni, men eg har kanskje idear som andre blir inspirerte av.

– *I det du har drive med – er det nokon fellesnemnar?*

– Kanskje eg mistar litt interessa for ting når eg meistarar dei. Og eg har lyst til å utsetje meg for risiko. Eg tykte aldri sjølv at eg var nokon fabelaktig kunstnar, men eg fekk truverd gjennom samarbeidet mitt med Bjarne Melgaard. Men i akademia er det veldig lett å avsløre meg om eg er ein juksemar. Det er risiko der, det er mogleg for folk å ta meg. Det var nok ei utfordring eg ville ha.

Kanskje er rastløysa i ferd med å innhente Saugestad enda ein gong. I det siste har han blitt litt desillusjonert av akademia òg.

– Desillusjonerte blir vel folk i dei fleste jobbar. Men det hender at eg spør meg sjølv kor mange eg når ut til. Boka eg brukte fleire år på å skrive, blir kanskje lesen av tusen menneske. Det gjev meg noko å undervise studentar. Men skal eg sitje på kontor og bibliotek og skrive for meg og mine resten av livet? Er det det eg verkeleg vil?

Om det er det han vil, står dører opne. Unge Saugestad har fått tilbod om professorat ved fleire amerikanske universitet.

– Eg har fått nokre forespørslar, ja. Men kanskje har eg blitt litt bortskjemt av å vere ved eit så ekstremt godt universitet som Harvard. Dessutan har eg ikkje lyst til å vere for langt utanfor allfarveg. Sjølv om meste av tida går med på biblioteket, vil eg gjerne vite at eg kan gå på ein god klassisk konsert eller hiphopkonsert om eg vil, eller gå ut og ete ei fantastisk vietnamesisk nudelsuppe. Eg vart godt vant i London.

Interessa for Midtausten kom i vaksen alder for Saugestad. Han har aldri kjent den marokkanske far sin, og drog for første gong til Marokko som 25-åring.

– Eg ville vel finne ut meir om kven eg var. Eg veit ikkje om eg har funne ut det enno, men eg vart veldig oppteken av Midtausten, og har sikkert vore i regionen 20 gonger.

Denne interessa gjorde Saugestad til ein politisk engasjert forleggjar. Gjennom forlaget L.S.P har han mellom anna gjeve ut talane til Osama bin Laden, *Milepæler* av islamisten Sayyid Qutb, *Jødestaten* av Theodor Herzl og *Til Israels forsvar?* av Norman Finkelstein. Da han gav ut tekstane til bin Laden, fekk han drapstrugsmål.

– Somme skjønnte ikkje at eg ikkje treng vere samd med bin Laden for å gje ut tekstane hans. Men eg meiner det er viktig å skjønne litt av motivasjonen til bin Laden. Eg gjev ut bøker som syner ulike synspunkt, så folk kan gjere seg opp ei meining sjølve.

– *Under karikaturstriden kritiserte du dei som talte for ytringsfridom og retten til å provosere. Det verkar inkonsekvent?*

– Det er meningslaust å provosere berre for å provosere. Eg er ikkje tilhengar av sensur, men unødige provokasjonar lager berre meir problem, som nokre få vil profitte på.

Det er kanskje for å unngå unødige provokasjonar at Saugestad krev å få lese gjennom intervjuet før trykking. Han har blanda erfaringar med å bli sitert.

– Da Nazneen Khan intervjuar meg til boka *Min hellige krig*, sa eg at «i islam er det ingen mellom deg og gud». Men ho skreiv «ingen mellom meg og gud». Det er noko anna.

– *I same boka skreiv Khan om eit rykte om at du tenkte på å verve deg til Hamas. Var det noko i det?*

– Eg anar ikkje kor ho hadde det frå. Eg har vore i Gaza og møtt mange folk, eg, men det der var heilt absurd.

– *Men det stemmer at du har vore dansar for bandet King Midas og spelt for Bodø/Glimt?*

– Jada. Både delar var artig. Men eg fekk berre to kampar for Glimt. Trond Sollied skjelte meg ut fordi eg ikkje ville spele frå meg ballen. ■